Forskrift om skule- og feriedagar for elevane 2026-2027, Modalen kommune, Vestland

Heimel:

Fastsett av Modalen kommunestyre 19.03.26 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1 andre ledd.

§ 1. Formål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om kva skule- og feriedagar elevane har i skuleåret 2026–20267. Skule- og feriedagane skal planleggjast slik at eksamen og nasjonale prøver kan gjennomførast.

Elevane har rett og plikt til å møte på skulen på dei fastsette skuledagane. Forskrifta gjeld for alle elevar ved Mo skule/Modalen kommune skuleåret 2026-2027.

§2. Skule- og feriedagar for skuleåret 2026-2027

Dato	Tal skuledagar	Ferie/ fri /merknad
August 2026	13	Måndag 10. august: Planleggingsdag skule, sfo og barnehage (elevfri, SFO og barnehage er stengt) Tysdag 11. august: Planleggingsdag skule, sfo og barnehage (elevfri, SFO og barnehage er stengt) Onsdag 12. august: Planleggingsdag skule (elevfri. SFO og barnehagar open) Torsdag 13. august: Første skuledag
September-2026	22	
Oktober 2026	17	5.- 9.- oktober: haustferie for skulane (gjeld ikkje SFO og barnehagar)
November 2026	20	Fredag 6. november: Planleggingsdag barnehagar og skule (elevfri, SFO og barnehage stengt)
Desember 2026	14	Juleferie (måndag 21. desember til og med torsdag 31. desember). Barnehagar og SFO open 21.-23. desember, samt 28.-30. Desember.
Januar 2027	19	Fredag 1. januar: Fridag Fredag 29. januar: Planleggingsdag barnehagar og skule (Elevfri, SFO og barnehage er stengt)
Februar 2027	20	
Mars 2027	12	1.-5. mars: Vinterferie for skulane (gjeld ikkje SFO og barnehagar) 22.- 29. mars: Påskeferie skule. SFO og barnehage er open 22.- 24. mars. Begge stenger kl. 12.00 onsdag 24. mars.

April 2027	22	
Mai 2027	18	Torsdag 6. mai: Kristi Himmelfartsdag Fredag 7.mai: Planleggingsdag barnehagar og skule. (Elevfri. SFO, skular og barnehagar stengt.) Måndag 17. mai: nasjonaldag og 2. pinsedag
Juni 2027	13	Torsdag 17. juni: Siste skuledag før sommarferien 19. juli – 30. juli: Feriestengt SFO og barnehage
Sum skuledagar	190	

§ 3. Medverknad

Skuleruta for Modalen kommune er på årleg høyring i elevråd og samarbeidsutval ved Mo skule.

§ 4. Ikraftsetjing

Forskrifta om skule- og feriedagar i Modalen kommune trer i kraft 01.august 2026 og opphøyrer 31. juli 2027.